



Møte i Studentparlamentet

nr 6/23-24

Onsdag 20. mars 2024

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 52 – 23/24:Godkjenning av innkalling og protokoll.....	3
Sak 53 – 23/24:Godkjenning av sakslista	3
Sak 54 – 23/24:Orienteringar	5
Sak 55 – 23/24: Studiekvalitetsrapport	6
Sak 56 – 23/24: Obligatorisk oppmøte.....	7
Sak 57 – 23/24: Fairtrade høgskule og studentsamskipnad.....	8
Sak 58 – 23/24: Styringsdokument	9
Sak 59 – 23/24: Promotering av val	10
Sak xx – 23-24:Eventuelt	11

Sak 52 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte i Studentparlamentet 28.02.24

Namneopprop.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

- Maher og Tuva (frå AU) blir valde til teljekorps for møtet
- Dersom ikkje fast ordstyrar er tilstades, kjem AU med forslag til ordstyrar for møtet.

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 28.02.24

Sak 53 – 23/24: Godkjenning av saklista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste med dagsorden for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte	*	Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	52	Godkjenning av innkalling og protokoll	V	Ordstyrar
	53	Godkjenning av sakliste	V	Ordstyrar
16:35	55	Studiekvalitetsrapport	O	Leiar
17:05	54	Orienteringar	O	Leiar
17:15		Pause		
17:30	56	Obligatorisk oppmøte	V	Fagsansvarleg
18:00	57	Fairtrade høgskule og studentskipnad	V	
18:15		Pause		
18:25	58	Styringsdokument	O	

19:00	59	Promotering av val	D	
		Eventuelt		
		Møteslutt, møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege.

Sak 54 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Allmøte for tillitsvalte- vi hadde besøk av Studentombod Lene Loy. Lene er tilsett 20% på Høgskulen i Volda gjennom samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet. Til dagleg sit ho i Bergen, men er tilgjengeleg for studentar i Volda. Har planar om å besøke Volda ein gang i månaden. Det var godt oppmøte av tillitsvalte og vi fekk inn mange tilbakemeldingar.
- Ny Universitets- og høgskulelov er gjennom Stortinget. No jobbast det med den lokale forskrifta.
- Skjermen vår er oppe på BK!
- Sosialt med studentparlamentet, lunsj på kontoret onsdag 3. april kl. 11:30-12:30
- Studiestart 2024-2025
- Bruk av gavemidler til bordtennisbord ute

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

- Læringsmiljøutvalet (LMU)- har hatt møte, det blir endringar i korleis dialogmøter blir gjennomført
- Miljøfyrtårn- innspel som parlamentet ga i forrige møte blir ein del av tiltaka for neste periode

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 55 – 23/24: Studiekvalitetsrapport

Type sak: Diskusjonssak

Saksframlegg: Leiar

Alle høgare utdanningsinstitusjonar har kvalitetssystem, Mathilde Baade Whittendale frå Høgskulen presenterer vårt kvalitetssystem og kvalitetsrapporten

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek orienteringa til vitande

Bakgrunn

Sak 56 – 23/24: Obligatorisk oppmøte

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Fagansvarleg

På fleire studie er det diskusjon og misnøye rundt obligatorisk oppmøte. Studentar skal kunne tilpasse læring rundt eige liv. Studentmassen er mangfaldig, det er ikkje alle som har moglegheit til å møte fysisk av ulike årsak. Undervisinga bør være meir variert og studentsentrert. Det må være meir fleksibilitet for studentane. Studentparlamentet forventar betre dialog og forventningsavklaringar mellom undervisar og studentar.

AU sitt forslag til vedtak:

- Studentane ønskje meir ansvar for eige læring
- I revidering og godkjenning av emne må det være faglege grunnar for krav om obligatorisk oppmøte

Bakgrunn

Studentparlamentet har fått inn mange innspel frå tillitsvalte og studentar om obligatorisk oppmøte.

Sak 57 – 23/24: Fairtrade høgskule og studentsamskipnad

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Nestleiar
Vedlegg: Vedlegg 1

Fairtrade produkt kan bety ein stor forskjell for mange bønder og arbeidar i utviklingsland. Det finnst 1000 Fairtrade-merka produkt på det norske marknaden. Dei vanlegaste produkt du kan sjå etter er banan, blomster, bomullstekstil, cashewnøtter, is, kaffe, kakao, sjokolade, rørsukker og te.

Skular av alle slag kan få status som Fairtrade-skule. Fairtrade- skuler er skular som engagasjere seg for rettferdig og berekrafeg handel og som jobbe for å auke kjennskap til og forbruk av Fairtrade-merka produkt. Utnevnelsen gir høgskulen rett til å bruke Fairtradeskule-logoen. Følgjende kriterie ligg til grunn:

Innkjøp: Det serverast minimum tre produkt i høgskulens kantine og/eller på dei tilsettes pauserom der eitt av disse skal være kaffe

Styringsgruppe: det skal nedsettes ein styringsgruppe bestående av studentar, fagtilsette, kantine/kjøkkenpersonale og leiing/administrasjon. Ein av disse skal være kontaktperson til Fairtrade Noreg.

Kommunikasjon: Det fokuserast på Fairtrade gjennom to tiltak eller arrangement i året

AU sitt forslag til vedtak:

Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda blir Fairtrade sertifisert

Bakgrunn

Sak 58 – 23/24: Styringsdokument

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Organisasjonskonsulent
Vedlegg: Vedtekter
Valreglement
Stillingsomtale for Arbeidsutvalet
Etske retningslinjer
Prinsippprogram
Arbeidsprogram 2023-2024

Neste parlamentsmøte tek vi opp styringsdokumenta våre til behandling. Vi gjer oss kjent med dei ulike og har ei lita arbeidsøkt

AU sitt forslag til vedtak:

Bakgrunn

Sak 59 – 23/24: Promotering av val

Type sak:	Diskusjonssak
Saksframlegg:	Leiar
Vedlegg:	Vedlegg 2 Stillingsomtale Vedlegg 3

I april blir det val av nytt AU til studentparlamentet. Det nåverande AU er dermed i ein startprosess for å byrje promotering av val. Studentparlamentet er heilt avhengig å få eit fulstendig AU slik at arbeidet vidare til hausten kan starte.

- Korleis kan me promotere på ein måte der studentar i Volda har lyst å bli ein del av AU?
- Kva informasjon mår komme ut til studentane i Volda?
- Kva plattformer når me best ut til alle studentar?

Vi skal også velje representantar til SiVolda styre der det blir valt tre studentrepresentantar.

Kva fungera best til å nå ut til studentane?

AU sitt forslag til vedtak:

Arbeidsutvalet tek med seg innspel i vidare arbeid og Studentparlamentet sprer ordet om val

Bakgrunn

Sak xx – 23-24: Eventuelt

Type sak:

Saksframlegg:

Møtekritikk etter formell møteslutt.